
Vår referanse 2020/49137-20
Dato 08.04.2021

Samferdselsministeren

Kvinnheradpakken - Anmodning om at proposisjon blir fremja for Stortinget i vårsesjonen

Eg viser til innsendt utkast til proposisjon for Kvinnheradpakken. Etter det eg forstår, er det usikkert om det vil bli fremja proposisjon for pakken i løpet av vårsemesteret 2021.

Fylkestinget gjorde sitt vedtak tilbake i desember 2018, men prosessen hjå sentrale styresmakter har teke lang tid. Eg viser til at det er semje både lokalt og regionalt om Kvinnheradpakken, og at arbeidet er i gong gjennom bruk av fylkeskommunale midlar. Det er viktig for gjennomføring av pakken at den blir fremja for Stortinget, slik at den resterande porteføljen vil kunne realiserast. Det vil vere særst uheldig og dyrt om fylkeskommunen må byggje ned byggherreorganisasjonen grunna manglande vedtak av pakken.

Eg anmodar difor at Kvinnheradpakken blir fremja for Stortinget i vårsesjonen i år.

Med helsing

Jon Askeland
Fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi: Kvinnherad kommune